

**VERV EN VENN:**  
**Bruk det vedlagte vervekortet!**

Side 10-11

**MEIR ADECCO MED EU:**  
**– Rovdrift på dei tilsette i Adecco**

Side 4-5



**EØS OG LOKALVALGET:**  
**140 deltakere på konferanse om EØS**

Side 14-15

**VETORETTEN BRUKES FOR FØRSTE GANG:**

# Historisk post-veto

”Jeg sier som Gro: Reservasjonsretten ble forhandlet fram og ført inn i EØS-avtalen for å brukes.

Statsminister Jens Stoltenberg i VG 10.4.2011

■ Arbeiderpartiets landsmøtevedtak om veto mot EUs postdirektiv er en seier for distriktsnæringslivet og for lik tilgang til viktige tjenester i hele landet.

■ Vedtaket skaper en helt ny situasjon for den norske debatten om EU og EØS. Etter 17 år med EØS-avtalen får vi nå svar på om vetoretten er reell.

Les mer på **side 8**

**Meld deg inn med SMS**

Send følgende SMS-melding  
NEITILEU <DITT NAVN  
OG POSTADRESSE>  
til 2090 (150,- for  
2011)



Arbeiderpart





**Heming Olaussen**  
Leder i Nei til EU

„ Så har EU langt på vei skuffet, ikke greid å løse de viktige oppgavene jeg opptatt av, klima, asyl, sikkerhet – de har ikke engang klart å løse det de var til for å løse, det økonomiske fellesskapet. Slik situasjonen er nå, er ikke EU noe Norge skal gå inn i.

Petter Eide, nyvalgt internasjonal leder i SV og tidligere EU-tilhenger. ABC Nyheter 29. mars 2011.

# Komikveld fra ja-siden

**De virkelig tungtveiende** EU-tilhengerne i Norge heter Støre, Solberg og Bernander. Om det blir en ny EU-avstemning i Norge er det er Arbeiderpartiet, Høyre og NHO som vil være avgjørende for ja-sidas styrke og evne til å vinne frem.

Inntil videre må ja-sida klare seg med Europabevegelsen. Etter å ha lest hva deres frontfigur Paal Frisvold har uttalt i samband med organisasjonens landsmøte, er jeg fristet til å finne fram det gamle munnhell: «Uansett hvordan du snur deg, er rompa bak.»

I følge den munnrappe bæringen skal Europabevegelsen nå bli en «frigjøringsbevegelse». De skal dessuten «ero bre nei-ordet», hvilket innebærer at man skal bruke det forslitte slagordet «Nei til isolasjon» som sitt credo. Det var vel Nordahl Grieg som, i en helt annen situasjon, sa det slik: «Ung må verden ennu være.» *Nei til isolasjon* har vel vært et ja-slagord så lenge EEC-/EF-/EU-debatten har pågått her i landet. Altså i 60 år. Det er mulig ja-siden ser for seg en 100-års-effekt? Noen fornyelse er i hvert fall vanskelig å spore fra våre ærede motstandere.

Vi i Nei til EU skal sjølsagt være ydmyke. Vår formidable framgang i folket, med målinger over 60 prosent nei i snart et år, og nei-flertall i seks, har paradoksalt nok gitt oss noen utfordringer når det gjelder å opprettholde en høy bevissthet om at EU-kampen ikke er avgjort. Ja-sida har overhodet ikke gitt seg. Det er bare å lytte til Europabevegelsens betalende medlem/utenriksminister Jonas Gahr Støre, så skjønner du at drømmen om Brussel lever i beste velgående.

**Mens Nei til EU** gikk tilbake i medlemstall fra 2009 til 2010, gikk Europabevegelsen fram. Der vi nå er nede i drøye 29 000 medlemmer, har Europabevegelsen økt med 26 medlemmer. Til drøye 5 800. Paal Frisvold ga ved sin tiltredelse i 2009 et brageløfte: Europabevegelsen skulle i løpet av fire år nå 50 000 medlemmer! Standpunkt har regnet ut at med det nåværende tempoet vil de nå målet om 1731 år.

Det som forundrer meg mest, er likevel Frisvolds retorikk rundt begrepet «frigjøringsbevegelse». En ting er at det er mange brave Høyre-folk og endatil noen Frp-ere i styre og stell i Europabevegelsen. Jeg antar at mange av dem må holde seg for nesa. De aller fleste

får vel assosiasjoner i retning av Che Guevara, FNL, ANC, Nelson Mandela og andre frigjøringskjemper og -bevegelser når man hører et slikt begrep. For hva er det Frisvold og Nordby egentlig skal frigjøre Norge fra? Sitt eget folk? Det norske demokratiet? Min spådom er at denne sjølførståelsen er Europabevegelsen nokså aleine om i det norske politiske landskapet. Og det er kanskje poenget? Ingenting er som å være eksklusiv.

**Mens masseorganisasjonen** på ja-sida holder på med sitt, må vi andre fokusere på de virkelige utfordringene. De står i kø. Når dette skrives (7. april) har de to ja-partiene Arbeiderpartiet og Høyre nok en gang sikret flertall for et kontroversielt EU-direktiv: Datalagringsdirektivet. Når du leser dette vet du også resultatet fra Arbeiderpartiets landsmøte når det gjelder postdirektivet. EØS blir stadig mer krevende å forholde seg til. Derfor trenger vi alternativer til medlemskap og EØS.

Samtidig går EU fra krise til krise. Ministerrådsresident Van Rompuy har gjestet Norge denne våren. I følge ham er det ingen krise i EU lenger. Den

fantastiske klubben av 27 likestilte medlemmer har ordnet opp. I sin tale i Samfunnssalen i Oslo 30. mars gikk han som en Peer Gynt utenom enhver bøyg. Massedemonstrasjoner i EUs hovedsteder? Ikke et ord. Politiske kriser i Portugal og Irland? Ikke verdt å nevne. Nedskjæringspolitikken som skaper utrygghet og angst hos millioner av mennesker? No problem. Som noen har sagt, «tenk på noe vakkert – og kall det EU».

Svenske e24 har omtalt Van Rompuy som «EUs svar på komiske Ali». Det er vanskelig å være uenig. Når både EU og deres medspillere her hjemme går rundt med et virkelighetsfjernt sjølbilde, er det ikke rart de også går seg bort i sin forståelse av andre. Men der Frisvold har omtalt Nei til EU som «den

bruneste organisasjonen i Norge» (seinere moderert til «den mest egoistiske og nasjonalistiske organisasjonen i Norge»), har Van Rompuy erklært enhver separatistisk idé mot EU som «krigshissende». Noe som har fått blant andre britenes statsminister Cameron til å reagere på vegne av flertallet av det britiske folk. Det hjertet er fylt av, løper som kjent munnen av med.

Vi andre får fortsette det daglige, langsiktige arbeidet med å frigjøre Norge fra EUs overstyring, og sikre et mer reelt folkestyre i Norge. Det er oppgave stor nok, og den trenger noe bedre enn at norske og utenlandske tragikomikere skal bidra med sine avsporinger.



„ **Europabevegelsen er en frigjøringsbevegelse!**  
Paal Frisvold i sin ledertale under Europabevegelsens landsmøte, referert av ABC Nyheter 26. mars 2011.



» Pensjonsalderen skal økes, skattenivåene skal samordnes, «uforsvarlige» offentlige utgifter skal vekke og tariffavtalene skal styres strengere politisk.



**Konkurransepakkt.** Den opprinnelige konkurransepakta var skissert av Angela Merkel og Nicolas Sarkozy. I mars samla EU-regjeringene seg om en neddempet versjon av forslaget, der blant annet automatiske straffereaksjoner mot EU-landene er tatt bort. FOTO: EU

## Motstanden mobiliseres

**Euro-regjeringene**, regjeringene i EUs valutaunion, har nylig vedtatt en «konkurransepakkt» – eller mer presist en «konkurranssevnepakkt» (Competitiveness Pact) – som har skapt opprørsstemning rundt om i Europa.

Pensjonsalderen skal økes, skattenivåene skal samordnes, «uforsvarlige» offentlige utgifter skal vekke og tariffavtalene skal styres strengere politisk. Lønningene i offentlig sektor skal for eksempel «understøtte konkurranssevnen» i privat sektor. EU-reglene om hvor store årlige budsjettunderskudd og statsgjelda kan være, skal lovfestes i alle EU-land.

Det er gjennom økt konkurranssevne at EU skal overvinne krisa. Men hvem som skal utkonkurreres, er uklart. EU-statene konkurrerer mer med hverandre enn med resten av verden. I den konkurransen er Tyskland vinneren.

Det opprinnelige forslaget til konkurransepakkt, slik det var skissert av Merkel og Sarkozy, gikk svært langt i å binde den økonomiske politikken i medlemsstatene til det som Tyskland (mest) og Frankrike (kanskje), ville være tjent med.

Det forslaget som euro-regjeringene samla seg om, er dempa en god del. De strenge automatiske straffereaksjonene mot land som bryter pakten, er for eksempel tatt ut.

Neddempningen skyldes ikke minst

reaksjonene fra fagbevegelsen og andre deler av det organiserte Europa.

«**Konkurransepakten** er en veritabel krigserklæring mot folkene i Europa, mot arbeiderne, mot pensjonistene, mot offentlige tjenester og brukerne av slike tjenester.» Det var budskapet fra en konferanse som i mars samla store deler av fagbevegelsen og de sosialpolitiske organisasjonene i Europa.

I tillegg til Euro-LO deltok fagbevegelser fra 15 land, blant annet toneangivende fagbevegelser fra Frankrike, Tyskland, Italia, Belgia, Portugal, Ungarn og Romania. Fra Norge deltok Fagforbundet og organisasjonen *For velferdsstaten*.

Paraplyorganisasjonen for det sosialpolitiske Europa, EAPN, var der blant annet sammen med miljøorganisasjonen Friends of the Earth Europe der Naturvernforbundet er medlem, og Attac i Tyskland, Østerrike og Belgia.

Denne «sosiale vårkonferansen» skal heretter holdes hvert år i forkant av det EU-toppmøtet som holdes på denne tida av året og har som mål å utvikle et «mer sosialt, et mer miljøvennlig og mer demokratisk Europa» ([www.jointsocialconference.eu](http://www.jointsocialconference.eu)).

Konkurransepakten til EU sto i sentrum for konferansen i år, og alle deltakende organisasjoner var enige om at

pakten måtte «forkastes kategorisk».

**I slutterklæringen fastslås** det at «krisa skyldes en utviklingsmodell bygd på vekst uten hensyn til sosiale og økologiske konsekvenser. Den er basert på hyperkonsumpsjon og ubegrensa utnytting av natur og arbeidere. Arbeiderne var ikke årsaken til krisa, men hittil har de vært ofrene». Og videre: «Vi kan ikke godta at framtida til en eller flere generasjoner skal tynge ned av ei gjeld som i stor grad er spekulantenes og finanssystemets gjeld.»

I slutterklæringen sies det at konkurransepakten vil legge et kraftig press nedover på lønningene

- ved å hindre at de skal følge prisutviklingen,
- ved å undergrave tariffavtalesystemet,
- ved å øke fleksibiliteten, utryggheten i arbeidslivet og arbeidsløsheten enda mer.

Det vises til at lønningene, særlig i offentlig sektor og i Øst-Europa allerede er kraftig redusert i mange land – og at tallet på «working poor» (fattige til tross for at de er i fulltidsarbeid) har økt kraftig. Konkurransepakten vil også senke realverdien av pensjonene.

Den kritiske budsjettssituasjonen til

EU-land må møtes på annen måte:

- med et rettferdig skattesystem som legger byrdene på de velstående og på finansprofitter,
- med en europeisk skatt på finanstransaksjoner,
- med å avskaffe skatteparadis,
- med å innføre et europeisk minstenivå for selskapskattene

Initiativet til «den felles sosialkonferansen» (joint social conference) ble tatt av Det europeiske sosialforumet. Mange ulike organisasjonsnettverk har etter hvert slutta seg til. Det store gjennombruddet kom da det ble klart at Euro-LO støtter opplegget med årlige sosialkonferanser.



**Dag Seierstad**

Varamedlem til styret i Nei til EU





**Vil ikkje ha meir vikarbruk:** – Eg vil seie at det er ein fullstendig feilslått strategi dersom me ynskjer eit anstendig arbeidsliv. Vikarbyråa fremjar deltidsarbeid og skapar stor utrygge for arbeidstakarane, seier tidlegare Adecco-vikar Helene Knutsen.

FOTO: SIGRID Z. HEIBERG

## OPPLEVDE OVERTRAMP SOM ADECCO-VIKAR:

# Åtvararar mot bruk av vikarbyrå

– Vikarbyråa driv profittbasert rovdrift på dei tilsette, seier tidlegare Adecco-vikar Helene Knutsen. – Å leggje til rette for auka bruk av slike bemanningsbyrå vil føre til meir sosial dumping, auka press i arbeidslivet og fleire uføretrygda.

Knutsen var for nokre år sidan tilsett som vikar i Adecco Hospitality, i delen av byrået som tilbyr tenester til hotell- og restaurantbransjen. I løpet av tida si der opplevde ho det ho karakteriserer som ei rekkje overtramp.

– Me fekk utbetalt løn som låg langt under tariff, opplevde at det blei juksa med timeliste våre, og at avtalte arbeidsopdrag blei avlyste same dag som dei skulle utførast, utan at me fekk noka form for kompensasjon. Særleg var det dei utanlandske vikarane som blei utnytta, dei fekk dei dårlegaste oppdraga og dei fekk systematisk utbetalt for lite løn.

### Vanskeleg kvardag

– Adecco lovar å gi dei tilsette

kurs og opplæring, men det såg me aldri noko til, seier Knutsen.

– Dette gjer at ein ikkje får utvikla seg, ein blir ikkje verdsett for det ein kan, men berre brukt som eit par nyttige hender når det trengst. Igjen er dette særleg ille for dei utanlandske arbeidstakarane, som ikkje får sjansen til å lære språket eller bli integrerte på ein god måte. Nokre ser på bemanningsbyråa som eit middel for integrering, som ein stad å byrje eller som ein døropnar inn i fast arbeid. I praksis er det ikkje slik det fungerer.

– Mange blir gåande i årevis som vikarar, utan å få tilbod om fast tilsetjing. Kvardagen vert vanskeleg, der det vert umogleg å planleggje livet sitt. Ein veit

aldri kor mykje pengar ein kjem til å tene neste månad, eller når ein skal arbeide.

Knutsen fortel om lange dagar og dårlege arbeidsvilkår.

– Det var heilt vanleg å jobbe overtid utan å få ekstra betaling for det. Folk jobba ofte 12-16 timar utan pause eller mat.

Ho forklarar at mange vikarar ikkje kjenner til rettane sine.

– Utanlandske arbeidstakarar som ikkje kan norsk veit ofte ikkje kva for reglar som gjeld, og dei blir utnytta. Problemet er at vikarbyråa ofte korkje har evne eller vilje til å følgje gjeldande arbeidsreglar. Så lenge situasjonen er så kaotisk som i dag, og styresmaktene har så lite kontroll, er den store bruken av vikarbyrå heilt uforsvarleg.

### Toppen av isfjellet

Den mykje omtala Adecco-skandalen som har kome fram i media er ifølgje Knutsen berre toppen av isfjellet.

– Det er ikkje noko nytt at verksemdar som dette utnyttar tilsette og bryt arbeidsmiljølova. Saker som dette har det vore rapportert om og teke opp tidlegare. Dei har vorte handsama i kommunestyre og klaga på til vikarbyråa. Det einaste som er nytt no er att media er interesserte og har slått det opp.

Knutsen fortel om møtet ho hadde med leiinga i Adecco for eit par år sidan.

– Tre menn i dress møtte meg. Eg hadde laga ei liste med brot på arbeidsreglane og presenterte ei liste med krav. Dei var berre opptekne av at eg ikkje skulle gå til media med det eg visste. Det var tydeleg at dei var fullstendig klare over korleis forholda var.

### Feil å satsa på vikarbyrå

– Kva vil du seie til dei som meiner det er naudsynt å satse på auka bruk av vikarbyrå, i ein

moderne og fleksibel arbeidsmarknad?

– Eg vil seie at det er ein fullstendig feilslått strategi dersom me ynskjer eit anstendig arbeidsliv. Vikarbyråa fremjar deltidsarbeid, og skapar stor utrygge for arbeidstakarane. Det vil føre til at fleire blir pressa ut av arbeidslivet og blir uføretrygda. Dette er i tillegg eit demokratisk problem. Når ein må pendle mellom tre-fire ulike deltidsjobbar med dårleg løn og jobbe 16 timar i døgnet: Kor mykje tid har ein då att til å engasjere seg i samfunnet?

– Adecco skulle vere det seriøse alibiet til vikarbyråa, og sjå korleis det har gått med det. Det seier noko om korleis det står til i mindre og endå meir useriøse verksemdar. Desse byråa spesialiserte seg på lågteknologiske yrke, der det einaste ein kan konkurrere på er løn. I jakta på profitt pressar dei løningane ned og resultatet vert sosial dumping.

### Av Sigrid Z. Heiberg

sigrid.heiberg@gmail.com



EUS VIKARBYRÅDIREKTIV:

# - Vil føre til meir Adecco

– EUs vikarbyrådirektiv vil fjerne alle hinder for utvida bruk av vikarbyrå. Dermed vert fleire Adecco-saker nærast uunngåelege, seier Hilde Loftesnes Nylén, fagleg sekretær i Nei til EU.

Direktivet skal sikre like løns- og arbeidsvilkår for vikarar som for faste tilsette i verksemda. Prisen for desse rettane er at krava i arbeidsmiljølova som skal avgrense bruken av vikarar kjem til å måtte fjernast.



Hilde Loftesnes Nylén

I dag seier paragraf 14-12 at vikarar berre kan nyttast til arbeid som skil seg frå det ordinære arbeidet i verksemda, eller er i staden for andre tilsette som til dømes er sjuke eller i permisjon. Vikarbyrådirektivet slår fast at «forbud mot og restriksjoner i bruken av vikararbeid kun kan begrunnes i allmenne hensyn til særlig beskyttelse av vikaransatte». Arbeidsdepartementet meiner restriksjonane i arbeidsmiljølova ikkje vil vere i konflikt med direktivet.

– Vi mener vi vil kunne opprettholde dagens regelverk, seier statssekretær Jan-Erik Støstad i Arbeidsdepartementet til Dagsavisen.

Dette synet vert ikkje delt av partane i arbeidslivet. Både NHO og store delar av fagrørsla, mellom andre LO i dei fem største byane, meiner innføring av vikarbyrådirektivet vil føre til at restriksjonane på vikarbruk i arbeidsmiljølova må fjernast.

– Vi er av den klare oppfatning av at det må gjøres både lovendringer og endringer i tariffavtaler, seier fagsjef i NHO Service, Even Hagelien til Dagsavisen.

## Negative konsekvensar

Det er klare ulemper med å vere vikar, samanlikna med å vere fast tilsett der ein arbeider.

– Likebehandling av vikarar og fast tilsette er eit viktig prinsipp som kan innførast gjennom nasjonalt regelverk, seier Hilde Loftesnes Nylén.

– Men eit totalt frislepp av vikarbruk og vikarbyrå vil få store negative konsekvensar for norsk arbeidsliv, og difor bør regjeringa bruke veto retten mot direktivet. Vi fryktar at eit slikt frislepp for vikarbransjen vil føre til mange fleire døme på sosial dumping av Adecco-typen, seier ho.

– Det kan vere vanskeleg for vikarar å få lån i banken, dei har ein meir usikker arbeidskvardag og privatøkonomien kan verte meir ustabil.

– Tilsette i vikarbyrå er dei første som må gå når det er dårlege tider. Det vert lettare for arbeidsgjevar å presse løns- og arbeidsvilkår, arbeidskollektivet vert undergrave, og det er

vanskeleg å fagorganisere arbeidstakarar som er tilsette ein annan stad enn der dei jobbar, slår Nylén fast.

## Krev veto mot direktivet

Tidlegare har LO i dei fem største norske byane kravd veto mot vikarbyrådirektivet og fleire andre sluttar seg til. Hovudkonferansen for LO-klubbane i Aker Solutions vedtok i mars i år ei fråsegn med tittel «Veto mot vikarbyrådirektivet». Der heiter det mellom anna:

«Vikarbyrådirektivet gjør midlertidig ansettelser til regelen, og faste ansettelser til unn-taket. Faste ansettelser har stor betydning for folks livskvalitet. Som midlertidig ansatt er det vanskeligere å ta opp problemer på jobben med arbeidsgiver. Det er vanskelig å få nye lån, eller få refinansiert lån i bank dersom man er midlertidig ansatt.»

## Av Sindre Humberstet

sindre.humberstet@neitileu.no

## FAKTA

### Vikarbransjen

- I 2009 var nesten 85 000 personar tilsett i eit vikarbyrå, dei aller fleste i Oslo.
- Trass i nedgang på 13,7 prosent i bransjen frå året før, er bemanningsbransjen – som NHO Service kallar det – på veg opp.
- Dei fleste som er tilsette i vikarbyrå er under 35 år.
- Dei største byråa er Adecco og Manpower, men nokre bedrifter har egne vikarbyrå, slik som ISS Personalhuset som er eit heileigd dotterselskap av ISS.

Kjelde: NHO Service.



Heming Olausen  
Leder i Nei til EU

## En fantastisk seier

**Veto-vedtaket** mot EUs 3. postdirektiv var først og fremst en seier for det demokratiske flertallet på APs landsmøte, som besto av både ja- og nei-folk.

Derneft en seier for distriktsnæringslivet og for tanken om at det skal være mulig å bo og jobbe i hele landet. Det var sjølsagt en seier for Postkom og LO. Og så var det jaggju også en seier for Nei til EU. Både fordi vi har vært en lojal del av kampanjen mot postdirektivet i nært samarbeid med Postkom og andre allierte. Men også fordi det slår hull på ja-sidens myte om at Norge må kripe for Brussel. At Norge nå tar i bruk reservasjonsretten i EØS-avtalen er noe nei-sida har ønsket i alle de 17 år EØS-avtalen har virket. Høyre, lederskribenter i ja-media, Europabevegelsen og enkelte «øytrale eksperter» truer med EUs hevn og at selve EØS kan stå på spill. APs ledelse synes derimot å ta tapet med fatning, og erklærer sin lojalitet til vedtaket. Det vil de bli fulgt opp på.

Nå skal reservasjonen først erklæres i regjering. Deretter skal det forhandles. Norge må forhandle ut fra et stående utgangspunkt, ikke et krypende. Rent saklig er det ikke veldig mye skade EU kan påføre Norge gjennom de mottiltakene beskrevet i avtalen. Hvis man betrakter EU som en rasjonell aktør som har egeninteresse i å ha et ryddig avtaleforhold med Norge, bør norske forhandlere ha et betydelig spillerom.

Samme helg kom den utrolige nyheten om at også det islandske folk satte seg opp mot egen og internasjonal elite. De stemte nei til Icesave. For andre gang. De nekter å overta bankgjelda og betale med lønns- og velferdskutt. Norge og Island viser vei for velferd og nasjonal sjølstandighet. Det er to folk med atskillig felles. Fortsettelsen blir spennende, men en ting er sikkert: Drømmen om EU-medlemskap er blitt til en enda fjernere drøm. Både i Oslo og Reykjavik.

## VARME ORD & STIKK I SIDA

■ **Standpunkt vil i dette nummeret introdusere utdeling av Varme ord og Stikk i sida.**

### Varme ord

går til Odd Chr. Øverland.

Postkoms hjerne bak strategien mot postdirektivet. Øverland



har stått i første rekke i samarbeidet med Nei til EU og andre organisasjoner i denne saken, og har sørget for at en uvanlig brei allianse har kunnet nå fram med sitt budskap. Øverland har vært en fremragende formidler og en energisk og pålitelig foredragsholder. Til slutt ble det veto mot postdirektivet på APs landsmøte. Fantastisk. Historisk!

Nei til EU-krus og fairtrade kaffe er oversendt.

### Stikk i sida

tildeles Adecco.



Adecco demonstrerte hvordan systematiske brudd på arbeidsmiljøloven ser ut. Det var ikke vakkert, og hendelsen er et tydelig uttrykk for hvordan menneskelige verdier får lide når anbud og fri konkurranse blir et altoverskyggende mål. Bare en forsmak på EUs vikarbyrådirektiv. Fri Flyt av Fusk & Fanteri i norsk arbeidsliv.

Nei til EU-jakkemerke er oversendt.

## KORT & GODT

### Overveldande nei til Icesave



■ **For andre gong skulle islendingane 9. april ta stilling til Icesave-avtalen.** Også denne gongen vart

det nei-flertal.

– Nesten 60 prosent stemte nei, og drøyt 40 prosent ja, og oppmøtet lå mellom 70 og 80 prosent, seier den

islandske forfattere Einar Már Gudmundsson til Klassekampen.

– EU-spørsmålet har vært lite oppe i debatten, men det er jo ikke flertall for EU på Island. Mange mener nok at dersom vi hadde sagt ja, så ville det ikke vært noen vei utenom et EU-medlemskap, seier Gudmundsson.

### Ny leder i Telemark

■ **Stein Roger Bjerkely** fra Porsgrunn ble valgt til ny



fylkesleder da Telemark Nei til EU avholdt sitt fylkesårsmøte i Bø 14. mars. Han tar over etter Jon

Olav Strand som nå går inn som nestleder i fylkeslaget.

Leder i Nei til EU, Heming Olausen, hadde innlegg om aktuelle politiske og organisasjonsmessige saker, som ble fulgt opp av kommentarer fra en godt besatt årsmøtesal der de fleste lokallaga i Telemark var representert.



ROBERT NYBERG



KORT &amp; GODT

## Ordstrid i EU-kampen

■ **Europabevegelsen** heldt landsmøte på Gardermoen 26. og 27. mars, der Paal Frisvold vart attvald som leiar for to nye år. Leiartalen til Frisvold viser interessante skilje mellom ja-folk og nei-folk.

– Vi kan ikke gi neisiden monopol på å bruke «nei-ordet». Derfor fremmer vi nå slagordet «Nei til isolasjon», sa Frisvold i talen, i følgje ABC Nyheter 26. mars.

Slagordet er jo i seg sjølv absurd. Noreg har meir utanlandshandel, og er tilslutta fleire internasjonale traktatar og organisasjonar, enn dei fleste andre land. Noreg har venskaplege og opne forhold til dei aller fleste land i verda og nordmenn reiser meir utanlands enn dei fleste. Dei som kjenner seg isolerte bør vel heller sjå på sitt eige tilhøve til familie og vener, enn på Noreg sine avtalar med EU.

Men sjølv tanken bak slagordet, at nei-sida skulle ha fordel av «nei»-ordet, er jo også fullstendig i strid



**Vil ta tilbake «nei»-ordet.** Attvald leiar i Europabevegelsen, Paal Frisvold, held landsmøtetale framfor eit banner med det nye slagordet til organisasjonen. FOTO: EUROPABEVEGELSEN

med sunn fornuft. Vi kan vel vedgå at Nei til EU har vore misunnelege på at ja-sida har hatt ja-ordet, og dermed kan framstå som meir positive enn oss som seier «nei». Mellom anna for å unngå å verte oppfatta som sure og negative har Nei til EU difor heile tida hatt positivt formulerte kjerneargument, som «ja til

folkestyre, miljø og solidaritet». Andre får vurdere om det har vore vellukka. No snur Europabevegelsen det heile på hovudet og seier «Nei til isolasjon». Europabevegelsen er hjarteleg velkomne etter inn på nei-sida.

**Av Sindre Humberst**  
sindre.humberst@neitileu.no

## Vil ha ny EU-røysting

■ **Europabevegelsen** vert ikkje skremte av over seks år med neifleirtal på meningsmålingane.

– Det er feil at ja-siden ikke vil ha en folkeavstemning, seier Trygve G. Nordby, generalsekretær i Europabevegelsen, til ABC Nyheter 8. mars.

– En folkeavstemning er en interessant tanke. Det



Nordby viser til at regjeringskonstellasjonar med sjølvordsparagraf på EU-

saka har gjort det politisk umogleg å få i gang ein ny EU-debatt.

– Men Europabevegelsen ønsker en bred europadebatt med folkeavstemning så snart som mulig. Vår analyse er at det først vil være mulig i neste stortingsperiode på grunn av den begrensningen som ligger i regjeringserklæringa, seier Nordby.



**EØS-debatt.** Erik Lahnstein, statssekretær i Utanriksdepartementet, og Martin Skylv, ambassaderåd for EU-delegasjonen til Noreg og Island. FOTO: EIVIND FORMOE

EU EVALUERER EØS:

# EØS XL framleis i det blå

At det finst alternativ til både EØS-avtalen og EU har det likevel aldri vore mindre tvil om.

– EØS skal berre handle om den indre marknaden, sa Martin Skylv, ambassaderåd for EU-delegasjonen til Noreg og Island, då han kom på konferansen til prosjektet *Alternativer til dagens EØS-avtale*, som vart halde måndag 4. april.

Skylv var altså klar på at EØS hadde sine grenser. Han forklarte den varsle evalueringa med at avtalen no hadde vara i heile 17 år, men vedgjekk at visse endringar syntest både naturleg og sannsynleg, meinte ambassaderåden.

– Etter at Lisboa-traktaten fall på plass og søylestrukturen er borte, er det nausynt med ei ny vurdering av korleis ein organiserer EØS-arbeidet.

### Lahnstein ser lengre

Prosjektet *Alternativer til dagens EØS-avtale* arrangerte denne gongen seminar med fokus på alternative avtalar, både for Noreg og andre land. Erik Lahnstein møtte frå Utanriksdepartementet i Noreg.

– Det er ikkje det minste rart at EU er så positive som dei er. Noreg kan med god margin til late seg å vera litt tøffare før samarbeidet blir sett i fare, var Lahnstein sin klare appell. Han understreka at det var hans personlege syn, ikkje den offisielle oppfatninga til regjeringa.

Erik Lahnstein framheva energipolitikk som eit område ein burde teke til motmæle på.

Norsk representasjon i EU-organ var også eit spørsmål som burde drøftast i samband med revideringa av avtalen, meinte statssekretæren.

### Til debatt på Stortinget

Eit knippe stortingspolitikarar var inviterte for å kommentere alternativdebatten. Per Olaf Lundteigen, stortingsrepresentant for Senterpartiet, kunne fortelja at han ikkje er optimist med tanke på ei sveitsisk løysing.

– Noreg vil aldri få eit bilateralt avtaleverk EU. Kven har sagt det? Di meir innsyn ein får i korleis dette systemet fungerer, di meir forstår ein at det er tufta på gjensidig avhengigheit.

Morten Høglund, stortingsrepresentant for Framstegspartiet, vedgjekk at partiet var for EØS-avtalen, men meinte at dei både var opne for og ein pådrivar til større openheit kring avtalen.

– Det vil bli ein reell debatt om alternativ til EØS også internt i Frp, forsikra Høglund.

### Vel i hamn

Sigbjørn Gjelsvik, prosjektleiar for Alternativ-prosjektet, syntest han fekk mykje ut av seminaret. Han skal sjølv gjera ein del utgreiingsarbeid rundt mulege alternativ, og meiner det var nyttig å få meir informasjon rundt planane i EU. Sjølv om det var i vage vendingar.

– Skylv såg ikkje for seg at andre sektoravtalar, til dømes forsvarssamarbeidet, skulle inkluderas i EØS på nokon måte. Men samstundes hadde han ikkje noko konkret å vise til, så det vart hans personlege synspunkt, understrekar Gjelsvik.

**Av Marianne Granheim Trøyfald**  
mariannegt@neitileu.no



# Medieblikk

Av Sindre Humberset



■ «Frykter du noen ganger for at du en gang i fremtiden skal bli terrorist?»

Ønsker du å sikre politiet beviser mot deg, dersom

du en gang i fremtiden skal rane en bank?

Er du redd for at dersom du finner ut en gang i fremtiden at du skal laste ned barnporno, at politiet ikke får has på deg? Da er dette produktet for deg», skriv **Jonas Wenberg**, generalsekretær i Ungdom mot EU, i ein annonse på Finn.no der han vil selje sin brukte smarttelefon. «Smarttelefoner kan, dersom du utnytter det mobile nettverket, koble seg på internett over 100 ganger hver dag! Dersom du summerer det med hver sms, hver telefonsamtale og hver epost du sender fra mobilen vil det bli registrert et titalls tusen trafikkdata fra mobilen din i løpet av bare seks måneder», held Wenberg fram, og åtvarar: «Pengene refunderes ikke dersom **datalagringsdirektivet** faller i en eventuell rettsak.»

■ Reisenettstaden travelnews.se melder at eit EU-lovforslag vil nekte borgarane å **flyge meir enn tre gongar per år**, og den samanlagde strekninga får ikkje vere lengre enn 7000 km. Bladet Vesterålen melder at Sortland hagelag er i harnisk fordi EU vil stanse sendingar av frø og løkar på posten. Alle som skal motta pakkar må stå i eit **sentralt register** for å kunne motta pakkar. Registrering kostar 1340,- for utanlandsregistrering og 954,- for innanlandsk registrering. Sundsvall Tidning skriv at EU vil forby **gangfylla**. Frå no av vil det vere ulovleg å gå på vegar og fortau med meir enn 0,2 i promille. Kva er felles for desse sakene? Datoen 1. april.

Ein populært utgangspunkt for **1. aprilspøkar** i avisene er nytt regelverk som vil gjere kvardagen vanskelegare for folk flest. Spøken må vere såpass truverdig at folk ikkje avslører han med ein gong, og kva er ei betre kjelde for absurde reglar enn Den europeiske unionen?

■ «Alle som har lese **George Orwells** bok 1984 kjenner til konseptet 'minne-hol', der San-



ningsministeriet kvitta seg med uheldige dokument og fotografi. Vel, det ser ut som at EU har plukka opp ideen», skriv organisasjonen Open Europe på bloggen sin 25. februar.

Eit bilete av ein smilande **Moammar Gaddafi** og ein like smilande Javier Solana, representant for den felles utanrikspolitikken i EU, har vorte fjerna frå skryteveggen i Justus Lipsius-bygget til EU-rådet. «Vi mistenkjer at dei ville talane til diktatoren og åtaka på eige folk har gjort at biletet har vorte mindre appellerande. Kva som gjorde biletet så appellerande at det vart hengt opp i første omgang, er sjølv sagt eit interessant spørsmål i seg sjølv», held Open Europe fram.

■ Ikkje alle i Høyre var nøgde med **datalagringskompromisset** partiet gjorde med Arbeidarpartiet. «Så har det skjedd. Høyre har sagt ja til Datalagringsdirektivet, og skal nå i politisk hestehandel med Ap hvor grunnleggende **rettsstatsprinsipper** blir gjenstand for kjøp og salg, i bytte med et direktiv DDR verdig», skriv **Steffen Furberg Jensen**, viseformann i Høyres Studenterforening i Trondheim, i kronikken «Jeg ber om unnskyldning» i Adressa 16. mars. «Jeg vil, ærlig og oppriktig, be byens befolkning om en ektefølt og innstendig **unnskyldning** for det som nå har skjedd. Jeg trodde Høyres lojalitet først og fremst var hos det norske folk, ikke hos Brussel. Jeg tok visst feil der.»



■ I ein kommentar i Morgenbladet 15. april kjem **Frank Rossavik** med interessante

observasjonar: «Da Norge i 2003 forhandlet om EØS-bidraget etter EUs østutvidelse i 2004, jobbet jeg som korrespondent i Brussel. EU tenkte på et tall og ganget med to». Rossavik skriv vidare at Noreg hadde elendige forhandlingskort, og resultatet vart deretter.

«UD-folk betrodde meg at forhandlingene var spesielt vanskelige fordi ingen i Norge **brydde seg en døyt** om hvor mye EØS kostet. EU fulgte med og så det. Nå er det annerledes. At Jens Stoltenberg og Jonas Gahr Støre lider nederlag på landsmøtet, og at de har to regjeringspartnere som også krever bruk av reservasjonsretten, er **politiske realiteter** man forstår i Brussel», skriv Rossavik, og konkluderer med at forhandlingane med EU om

reservasjonen frå postdirektivet vil krevje sitt av Jens Stoltenberg og Jonas Gahr Støre.



■ **Sunday Times** har avslørt tre EU-parlamentarikarar som let seg kjøpe av lobbyistar. Ein

artikkel på Europabloggen.no frå 21. mars oppsummerer saka godt i tittelen: «Lobbyist og EU-parlamentariker samtidig? Ikke noe problem». Sunday Times har lagt ein video på YouTube «som viser i all sin pinlighet **Ernst Strasser** (bildet), EU-parlamentariker (MEP) og tidligere østerriksk innenriksminister, tilby sine tjenester som lobbyist i Brussel til to engelske 'kunder'. De viste seg altså å være journalister fra Sunday Times, og i dag har Strasser gått av». Det same har også ein EU-parlamentarikar frå Slovenia og ein frå Romania gjort, etter å ha gått i same felle. Strasser tok mot oppdraget og «så fram til 100.000 euro i året i honorar». Etter avsløringa hevdar han at avisa har manipulert han. «Strasser sier han skjønnte dette med en gang og hadde tenkt å varsle Østerrikes politidirektør. Han fikk bare ikke tid på grunn av en tettpakket kalender», skriv Europabloggen.no.



■ Våre heimlege **føderalistar i Europabevegelsen** har registrert at Nei til EU har gjort

suksess med kritikk av EU. No freistar dei å nytte same suksessoppskrifta. «Mens utviklingen av det indre marked har pågått i raskt tempo, har arbeidslivspolitikken kommet på etterskudd. Det har særlig vist seg i det felles arbeidsmarkedet etter utvidelsen av EU i 2004 med sosial dumping over landegrensene», heiter det mellom anna i framlegget til nytt politisk program for Europabevegelsen. Dei er jamvel uroa over konkurransepakta som EU har på trappene. **Paal Frisvold**, leiar i Europabevegelsen, kjem så med oppsiktsvekkjande påstandar: «**Vi er ikke EU-talsmenn**... Vi ser på EU som et politisk verksted. Der må man gi og ta. Vi er langt i fra enig i all EUs politikk», seier han i følgje ABC Nyheter 14. mars. Denne opplysinga vil truleg vere overraskande for dei som følgjer Europabevegelsen på twitter, der det i stor grad foregår vidaresending av pressemeldingar frå ulike EU-organ. Men vi kan ikkje anna seie enn at vi gler oss til å sjå nye takter frå ja-sida.

# NETTIPS

Denne gang presenteres tre nettstedet som har en felles, rød tråd: Det handler om fagbevegelse og europeisk integrasjon. Den økende EU-skepsisen i fagbevegelsen skinner knapt nok gjennom, men uansett er dette interessant for alle med fokus på EU-spørsmål.

## EU-observatoriet


[www.faf.no/euobs/index.htm](http://www.faf.no/euobs/index.htm)



Ingen kan anklage forskningsstiftelsen Fafo for å være særskilt EU-kritisk, men deres «EU-observatorium» er et nyttig nettsted for Standpunktets lesere. Der samles relevante oppslag om EU og arbeidslivet, fra inn- og utland. Hensikten er å «gi oversikt og bakgrunnskunnskap om EU/EØS-saker som påvirker norsk arbeidsliv og fagbevegelse». Nettsiden er laget på oppdrag fra LO, mens Fafo er ansvarlig for innholdet. Det er en mengde linker til EU-relevante nettsteder og siden utføres i samarbeid med LOs Europaseksjon og LO-kontoret i Brussel. Det siste kan man kanskje si er en garanti for at også EU-positive vinkler og saker får plass.

## ETUC – europeisk fagbevegelse

[www.etuc.org](http://www.etuc.org)



I det siste har den europeiske fagbevegelsen mobilisert kraftig mot europakten og høyredreiningen i EU. En snar visitt på nettsidene til ETUC viser bilder, plakater og slagord fra massive anti-EU-demonstrasjoner norsk presse knapt nevner med et ord. En mengde taler og artikler om fagbevegelsens skuffelse over utviklingen i EU ligger lett tilgjengelig, samt faktaark, videosnutter med mer. Totalt sett gir nettsidene et godt innblikk i den økende skepsisen mot EUs utvikling som nå gjør

seg gjeldende i europeisk fagbevegelse. På den bakgrunn anbefales nettsidene til Standpunktets lesere.

## Europaportalen

[www.europaportalen.se](http://www.europaportalen.se)



Europaportalen er en nyhets- og debattsentral som daglig i mer enn ti år har samlet, sortert og analysert nyheter, debattartikler og fakta. Målet er å gi leserne overblikk over EU-relaterte spørsmål. Eu-

ropaportalen drives av Föreningen Europaportalen.se, en allianse med ulike aktører i svensk fagbevegelse. I tilknytning til nettsidene finner man lesernes egne sider, «Mitt Europa», der man kan få publisert egne artikler som er tilrette- og billedlagt av redaksjonen. På sidene kommer man også inn på YouEurope, der leserne kan sende inn spørsmål som blir besvart av beslutningstakere og politikere i en slags videointervjuer. EU-parlamentet har finansiert store deler av nettstedet, som gir interessant innblikk i svensk EU-debatt.

PÅ NETT MED NEI TIL EU



WEB: [neitileu.no](http://neitileu.no) (Nei til EUs nettsider)



TWITTER: [twitter.com/neitileu](https://twitter.com/neitileu) (Daglige nyheter og kommentarer)



IDENTI.CA: [identi.ca/neitileu](http://identi.ca/neitileu) (Daglige nyheter og kommentarer)



FACEBOOK: [facebook.com](https://facebook.com/neitileu) (Meld deg inn i gruppen neitileu)





Trosset Ap-ledelsen. Jens Stoltenberg og Ap-ledelsen gikk på et nederlag da landsmøtet vedtok veto mot EUs postdirektiv.

FOTO: ARBEIDERPARTIET

## ARBEIDERPARTIETS LANDSMØTE:

# Historisk EØS-seier

Vedtaket om om veto mot EUs postdirektiv på Aps landsmøte i april skaper en historisk ny situasjon for norsk EU- og EØS-debatt etter 17 år med EØS-avtalen.

Kampen om EUs tredje postdirektiv var en av de viktigste sakene på Arbeiderpartiets landsmøte 7. til 11. april. Den sto mellom partiledelsen på den ene siden, og fagbevegelsen, distriktene og krefter i AUF på den andre. Resultatet ble historisk.

Statsminister Jens Stoltenberg hadde håpet på et annet utfall, men respekterte landsmøtets avgjørelse:

– Landsmøtet vedtok noe annet enn det jeg ville. Det er jo sånn demokratiet er. Jeg er trygg på at vi kommer til å finne en eller annen måte å håndtere dette på, sa Stoltenberg til TV2 i etterkant. Han er ikke bekymret for at EØS-avtalen skal ryke som

følge av den norske reservasjonen mot postdirektivet.

– Litt kluss kan det helt sikkert bli, men det er det jo med alle land hele tiden. EU er en stor organisasjon med tusenvis av direktiver.

### Kompromissforsøket

Gjennom hele helga ble det lobbet intenst for partiledelsens kompromissforslag, og i ellefte time lørdag kveld valgte selv Postkom å bøye seg for presset. Både Jens og Jonas svingte seg på landsmøtefestens dansegulv, men lite visste de at partiledelsen neste morgen skulle komme til å gå på sitt største tap siden LO-kongressens nei til EU i 1994.

En viktig årsak til grasrotas seier var at et stort flertall av fylkespartilaga hadde med seg klare vedtak i kofferten inn til Oslo. Ledelsen kom for seint på banen og veide opp for det med å sette alle kluter til da de skjønnte at det kunne gå mot et reservasjonsvedtak. Presset førte til ergrelse hos mange delegater.

Landsmøtefesten summet av postsnakk, ikke en eneste fylkesleder hadde unngått press fra øverste hold. Presset for kompromiss var topptungt, og da Postkom til slutt godkjente kompromisset, la redaksjonskomiteen frem en enstemmig innstilling. Direktivmotstanderne vurderte det slik at det beste var å gjøre opprør i salen fremfor at AUF stod alene på dissensen i redaksjonskomiteen. For dette var ikke bare en ungdomssak. Fagbevegelsen og distriktsrepresentantene hadde alle uttrykt sin støtte fra talerstolen.

### Opprettholdt forslaget

